

Rotary fekk omvising på politistasjonen

Ørsta Rotary besøkte tysdag Ørsta og Volda lensmannskontor for å sjå korleis den nye kvardagen har vorte for politiet.

Ørsta Rotary plar stundom reise på besök til lokale bedrifter og institusjonar for å lære meir om kva dei gjer på og korleis dei har det på arbeidsplassen. Tysdag var det det nye, felles lensmannskontoret for Ørsta og Volda i Hovdebygda som stod for tur.

Lensmann Guttorm Hagen tok i mot Rotarymedlemmene tysdag kveld og gav dei ei omvising gjennom lokalata. Hagen gav uttrykk for at politiet no har fått funksjonelle lokale med gode løysingar. Mellom anna er logistikken, tryggingsløysingane og diskresjonen for vitjande betra i høve dei gamle lokalata i Vikegata. Beredskapen har også fått ei løft som følgje av nye løysingar.

Lensmannen kunne også fortelje at dei i helga køyrdde første dagsett i den nye vaktordninga. Dette fører til at det er meir operativt politi i distriktet på dagtid i helgane. Tidlegare var det stort sett berre kvilande vakt på dagtid. Hagen håper det gir ein signaleffekt at politiet er



Ørsta Rotary fekk omvisning av lensmann Guttorm Hagen.

meir synleg og aktivt.

– Til dømes stoppa vi 125 bilførarar og sjekka dei for promille i Furene laurdag føremiddag. Folk tenkjer seg nok meir om når det no kan stå ein politipatrule der føremiddagane i helgane.

Elles la Hagen vekt på fordelane med nye vegsamband og auka beredskap på tvers av kommunegrensene, men var samstundes uroa over dei stadig trongare budsjettrammene politiet må hanskast med.

ØRSTA KINO

www.orsta.kulturhus.no

Fredag 12. oktober

13.00: En kongelig affære 11 år

19.30: Hypnotisøren 15 år

22.00: Taken 2 15 år

Fann narkotika

Like før klokka tolv tysdag vart ein mann teken inn til avhøyr etter at det vart gjort funn av mindre mengder narkotika. Funna vart gjort i bustaden til mannen i ei bygd i Volda kommune.